



Foto: Sigurd Egeland

## Bruk talentet ditt!

Utviklingshjelp som set varige spor er vanskeleg å få til. Misjonen har dei siste åra fokusert på kampen mot omskjering av jenter, og oppnådd gode resultat. I det siste har misjonen i tillegg satsa på å oppmuntra til lokale initiativ for utvikling og entreprenørskap. Danaya Goïta, som er leiar for misjonen sitt diakonale arbeid, ønskjer å fokusera på å hjelpa fram lokale initiativ og entreprenørskap, som kan vera med å skapa arbeidsplassar og positiv endring. For å koma i kontakt med dei rette folka, har misjonen organisert to konferansar for unge og unge vaksne med opplæring i ein metode som heiter **Use Your Talent**. Den første konferansen var for Sevare og Mopti, der over 100 unge deltok. Den andre konferansen var i Barouweli, der over 50 personar deltok. Ut frå desse konferansane har grupper av unge vorte danna som jobbar for å starta opp små bedrifter, eller som tar initiativ for å bety noko positivt for lokalsamfunnet sitt. Dette arbeidet er i oppstarten, men me vonar og bed om at det kan veksa til noko som gjev framtid og håp til mange unge i Mali.

Av: Frode Brügger Sætre

## Nødhjelp til flyktningar

Då koranlæraren hadde tatt i mot fleire flyktningar enn han klarte å ta seg av, tok han kontakt med misjonen for å få hjelp. Over 150 unge gutar som tidlegare var koranelevar på stadar med væpna konflikt, hadde funne ein trygg stad å bu hjå koranlæraren i Sevare. Men det var ikkje lett å forsørga så mange menneske. Koranlæraren var redd for at dersom han ikkje klarte å ta seg av ungdommane, så ville dei vandra vidare og bli fanga opp av militante islamistiske grupper. Han visste at den kristne misjonen ofte hjelper når folk er i naud, så kanskje dei kunne hjelpa han i denne situasjonen? Misjonen som NMS er med og støtter i Mali svara ja på spørsmålet. Misjonen gav han 425 kg hirse, 350 kg ris og 20 liter matolje.

Det finst no mange interne flyktningar i Mali. Til saman har misjonen hjelpt nesten 1000 menneske med mat, sovematter, såpe og presenning i ein situasjon der mange har mista alt dei har. Me ønskjer å vera med å hjelpa enda fleire. Takk for støtta di!

Av: Frode Brügger Sætre



Over: Use Your Talent, under: Nødhjelp til flyktninger, Foto: Frode Brugger Sætre

## Les mer om Mali og arbeidet på: [nms.no/finndinmenighet](https://nms.no/finndinmenighet)

### Hva gjør vi i Mali?

I Mali retter arbeidet seg i hovedsak mot fulaniene, et nomadefolk med en sterk og stolt tradisjon. Vi har fokus på å formidle Jesu ord og gjerning på en forståelig måte som ligger tradisjonen nær og bruker tid på å bygge relasjoner til enkeltpersoner for å skape tillit og respekt. I vår måte å arbeide på ønsker vi å ta hensyn til alle sider av menneskers behov. Derfor er vi også engasjert i kampen mot omskjæring av unge jenter og i andre diakonale prosjekt